



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

VURDERINGSRAPPORT

ÅLVIK SKULE



3. til 6. mars 2008



1 – Føreord

Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling

Med utgangspunkt i Stortingsmelding nr. 28 (1998-99) "Mot rikare mål", vart det sett i gang eit 3-årig nasjonalt prosjekt : "Ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid". Hordaland søkte, men kom ikkje med i prosjektet.

Likevel var signala der, og kommunane vart oppmoda om å jobba med kvalitetsutvikling og vurdering. Desse signala er forsterka i Kvalitetsutvalet si delinnstilling av 14. juni 2002 "Førsteklasses fra 1. klasse".

Skulesjefane/dei skulefagleg ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss har såleis vedteke å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i skulen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at skulen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylle kravet i Opplæringslova om kommunen sitt ansvar for å sjå til at skulane jamleg vurderer si eiga verksemd

Kven er vurderar?

10 personar i Hardanger/Voss er medlemmer i vurderingsgruppa. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og skal vurdere dei 48 grunnskulane i regionen i løpet av 6 år, dvs. 8 skular pr år. 2 frå gruppa (vurderingspar) gjennomfører vurdering på ein skule, og ingen vurderer skular i eigen kommune.

Kva gjer vurderarane?

- Skulen vel eit fokusområde for vurdering, i samråd med skulefagleg ansvarleg i kommunen
- Vurderingsparet førebur sjølve vurderinga gjennom eit fyrste møte med skulen, utarbeiding av kriterium, metodeval og verktøy tilpassa det skulen ynskjer fokus på.
- Sjølve vurderinga vert gjennomført.

Rapporten

Vurderingsparet skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utfordringar skulen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av skulen, men kanskje eit bidrag til kva ein skal arbeida vidare med innan det fokusområde som er vurdert. Det er ynskje at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta, kan overførast til det interne vurderingsarbeidet skulen årleg arbeider med.



2 – Fakta om skulen

Ålvik er ein kombinert barne- og ungdomsskule med 63 elevar. Barnetrinnet er 4-delt, alle 15 elevane på ungdomstrinnet går i ei gruppe. Skulen har eit pedagogisk personale på 11, i tillegg til 2 assistentar som og er tilsett i SFO.

Skulen ligg sentralt i industribygda Ålvik, med bygdene Indre- og Ytre Ålvik som "oppland". Skulebygninga er romsleg, og skulen har gymsal, skulekjøkken og basseng. Uteområdet er flott tilrettelagt og oppført på dugnad av foreldra og andre interesserte bygdefolk.

3 – Vurderingstema

Ålvik skule har bede om vurdering på følgjande tema:

Elevane sitt læringsmiljø; fokus på sosial kompetanse og handtering av mobbeproblematikk.

4 – Kriterium / Kvalitetskrav

Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriterium er henta frå lov, regelverk, læreplanverk og skulen sine egne planar.

Når vurderingsparet gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med den informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon på skulen, i tillegg til dei dokument som skulen har lagt fram. Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderingsparet, og godkjende av skulen.



<i>Kriterium</i>	<i>Teikn på god praksis</i>
Det er godt miljø på skulen	<ul style="list-style-type: none">- elevane lærer på skulen- elevane har venner på skulen- elevane er trygge på skulen- elevane er trygge på skulevegen- elevane plagar ikkje kvarandre- elevane baksnakkar ikkje kvarandre- elevane slåss ikkje- ingen elevar vert utestengde- elevane får ha tinga sine i fred- det er arbeidsro i gruppene
Personalgruppa har kompetanse i høve til mobbeproblematikk	<ul style="list-style-type: none">- personalet ser den einskilde eleven i samhandling med andre- dei vaksne reagerer likt på brot på skulen sine reglar- kontaktlærer har jamleg samtale med alle elevane- i samtalanene tek lærar opp mobbeproblematikk- personalgruppa nyttar undervisningsopplegg i sosial kompetanse- dei tilsette har felles praksis i høve til mobbing- dei tilsette erkjenner at dei er viktige rollemodellar for elevane
Foreldra er trygge på at ungane deira blir tatt vare på slik at fagleg og sosial utvikling kan skje	<ul style="list-style-type: none">- foreldra kjenner at terskelen for å ta kontakt med skulen er låg- foreldra får raskt melding frå skule når barnet er part i erting/ plaging



Kriterium	Teikn på god praksis
Skulen er ein lærande organisasjon	<ul style="list-style-type: none">- leiing og dei tilsette har eit felles bilete av skulen sine sterke sider og utfordringar- skulen vurderer regelmessig eigen praksis- skulen har felles malar og system som er til hjelp for den einskilde lærar- leiinga følg opp vedtekne tiltak og ser til at dei blir gjennomførte

5 – Deltakarar i vurderinga

Interne deltakarar: Personalgruppa på skulen, elevar og foreldre.
Vi intervjuar 11 av 13 i personalgruppa og 33 av dei 63 elevane.
På foreldremøtet møtte ca 20 av dei føresette.

Eksterne deltakarar: Turid Mykkeltvedt, Anne Karin Flatlandsmo, Nanna Paaske og Tone Fladmoe

Grunngjeving for val av informantar:
Me ville at flest mogeleg av dei impliserte partane skulle kjenne at dette temaet vedkjem alle.

6 – Tidsbruk

Det er avsett 1 veke til å vurdere ein skule. Dette inneber i hovudsak ein startdag der vurderingsparet møter skulen for fyrste gong for avklaringar og planlegging. Under sjølve vurderinga, er vurderingsparet på skulen i 3/4 dagar. Skulen får rapporten umiddelbart etter vurderingsdagane. I forkant og undervegs førebur vurderingsparet informasjon, metodar, verktøy og driv informasjonsbearbeiding og oppsummeringar.

Å gjennomføre ei kvalitetsvurdering på 3 dagar er knapp tid, og inneber ei avgrensing av vurderinga.



TIDSPLAN – ÅLVIK SKULE

Tid	Aktivitet	Ansvar
Desember 2007	11. Ålvik skule melder til vurderingsgruppa at dei ynskjer vurdering på temaet mobbeproblematikk.	Rektor
Veke 2	9. Første kontaktmøte mellom rektor på skulen og ein av vurderarane. Stad: Ålvik skule Mål: Presisere temaet for vurderinga og vite meir om bakgrunnen for dette valet. Vi får nyttig informasjon om verksemda.	Rektor og vurderar
Veke 6	Glansbilete for vurderingsområdet blir utarbeidd og sendt skulen.	Vurderarane og rektor
Veke 7	Glansbiletet er drøfta på skulen, godtatt av personalgruppa som endeleg. Tilbakemelding sendt vurderarane. Rektor får tilsendt informasjonsbrevet som skal ut til foreldra i forkant av vurderingsveka.	Rektor og vurderarane
Veke 9	Tidsplan blir sendt til skulen. Rektor kallar inn foreldra til foreldremøte måndag 3.3. kl 19.00- 20.00. Rektor førebur vurderingsveka, set opp tidsplan over intervju med elevar og personale. Vi vil intervjuje så mange som mogeleg, då vi har valt ikkje å laga påstandsskjema denne gongen.	Rektor
Veke 10 2008	<u>Vurderingsveka</u> Måndag 3.3 Kl 8.15 Vurderarane møter personalet, presenterer seg kort og skisserer arbeidet utover i veka. 8.30 -11.00 Samtale med elevar etter følgjande plan: 8.30 – 9.15 Elev nr. 1, 7, 9 og 11 i 2. klasse 8.30 – 9.15 Elev nr. 2, 4, 6 og 8 i 3. klasse 9.15 – 10.00 Elev nr. 2, 3, 6, 7 og 9 i 4.klasse 9.15 – 10.00 Elev nr. 1, 5, 7, 8 og 9 i 5.klasse 10.00 – 10.45 Elev nr. 3, 4, 6, 7 og 8 i 6.klasse 10.00 – 10.45 Elev nr. 1, 2, 5, 6 og 7 i 7. klasse	Leiinga legg til rette Vurderarar og hospitantar Rektor legg til rette. Me må ha to



	<p>11.00 – 12.00 Pause og observasjon i midttimen</p> <p>12.00 – 12.45 Samtale med 4 elevar ungdomstrinnet 12.00 - 12.45 Samtale med 4 elevar ungdomstrinnet 12.45 – 13.00 Samtale med 3 elevar ungdomstrinnet 12.45 – 13.00 Samtale 4 elevar ungdomstrinnet</p> <p>13.15 – 14.00 Møte med leiing</p> <p>19.00 – 20.00 Møte med foreldra</p> <p>Tysdag 4.3 8.30 – 14.00 Samtale med grupper av tilsette etter plan utforma av rektor. Rektor gav oss planen måndag. Tre tilsette i kvar gruppe, helst alle tilsette</p> <p>14.00 – 14.45 Møte med leiinga, gjennomgang av arbeidet så langt</p> <p>Onsdag 5.3 8.30 – 11.00 11.00 intervju av tilsett Observasjon av undervisning. Analyse og vurdering. Rapportskriving.</p> <p>Torsdag 6.3 Kl 13.00 Framlegging av rapport for rektor. Kl.14.00 Framlegging av rapport for heile personalet. Det er ynskjeleg at skuleeigar er representert. Rektor overtar "stafettpinnen" og seier noko om arbeidet vidare.</p>	<p>rom til disposisjon.</p> <p>Rektor lagar ein plan slik at undervisninga kan gli</p> <p>Rektor og vurderarar</p> <p>Vurderarane</p>
Veke 11	<p>Rapport med vedlegg vert sendt leiar i vurderingsgruppa for arkivering, den offisielle delen vert etter ei stund lagt ut på den regionale heimesida. Den offisielle rapporten blir sendt elektronisk til skulen og skuleeigar. Rektor får og alle resultata av gjennomførte samtalar elektronisk. (den konfidensielle rapporten)</p>	Vurderarane.
Veke 14	<p>Skulen evaluerer vurderingsveka og sender svar innan ein månad til Turid som vidare sender den til leiar i vurderingsgruppa, Aud Lygre.</p>	Rektor og vurderar



7 – Metodar

For å sikra god forankring og at alle røster vert høyrde, hentar vurderarane inn data frå fleire andre kjelder (kjeldetriangulering). Informantane er det vurderarane som plukkar ut, for eksempel ved å ønskja å møta alle klassekontaktar, elev nr 5, 8, 14, 20 og 25 frå klasselista, 3 faglærarar i praktisk-estetiske fag, 3 kontaktlærarar på trinn 7, hele elevrådet osv.

For å styrka kvaliteten på dei data me finn, nyttar me ulike metodar for datainnsamling (metodetriangulering). Gjennom eit breitt spekter av metodar tek vurderarane temperaturen på den pedagogiske praksisen til skulen, og på korleis skulen fungerer som organisasjon.

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. I prosessen på denne skulen er følgjande metodar nytta:

Dokumentanalyse

Skulen sendte vurderarane diverse relevante dokument; til dømes verksemdsplan, arbeidsplanar og skulen sin handlingsplan mot mobbing.

Kriterium og teikn på god praksis

Vurderingsparet utarbeidde forslag til eit glansbilette med kriterium og teikn på god praksis. Dette med utgangspunkt i L-06, Opplæringslova med forskrift og skulen sine planar. Framlegg til kriterium med teikn på god praksis vart drøfta på skulen. Skulen godkjende desse utan å gjere endringar.

Påstandskjema

Vurderarane fann det ikkje naturleg å bruke denne metoden i denne samanhengen.

Samtaleguidar

Samtaleguidar vart laga for elevar, foreldre og tilsette med utgangspunkt i teikn for god praksis i glansbiletet.

Møte med føresette

Ein føresetnad for god skuleutvikling er god dialog mellom heim og skule. Føresette må få høve til å involvera og engasjera seg. I løpet av denne vurderinga har me hatt møte der alle foreldra vart inviterte.

Møte med rektor

Rektor har ei nøkkelrolle i utviklingsarbeidet som skulen skal ta tak i når konklusjonane i rapporten ligg føre. Ein god dialog med rektor dannar grunnlag for gjensidig forståing av skulen sin no-situasjon og for det vidare arbeidet.

Observasjon

Me observerte i undervisninga i alle gruppene på skulen. Dessutan gjorde me observasjonar i uteleiken i storefri.



8 – Skulen sine sterke sider innan vurderingsområdet



Det er eit godt miljø på skulen:

- *elevane lærer på skulen*

Elevane på Ålvik skule har fortalt at dei lærar mykje på skulen sin, og "meir te". Foreldra trekk fram at elevane særleg er engasjerte i skularbeidet når dei har prosjektarbeid. Da finn dei "veldig ro" med arbeidet sitt, hevder dei. Elevane gjev utrykk for at dei set pris på lærarane sine, og er samstemmige om at dei lærer mykje på skulen.

- *elevane er trygge på skulen*

Alle elevane vurderingsgruppa har intervjuja, seier at dei kjenner seg trygge på skulen. Forelda seier seg einige i det. Dei meiner skulen er flink til å gjere ungane trygge. Ungane som går til skulen seier at dette også gjeld på skulevegen.

- *elevane har venner på skulen*
- *elevane plagar ikkje kvarandre*
- *elevane får ha tinga sine i fred*
- *elevane slåss ikkje*

Fleirtalet av elevane vert ikkje plaga, baksnakka, slåss ikkje, eller følar seg utestengde. Alle elevane vurderingsgruppa har vore i kontakt med veit godt korleis ein kan vere ein god venn. Intervjuja med foreldre, elevar og lærarar fortel at dei

Ålvik skule
3.- 6.3-08



fleste elevane på Ålvik skule har venner på skulen. "Heile skulen er venner med kvarandre", fortel ein elev. "Alle kjenner kvarandre, så me veit om kvarandre" er eit anna utsegn.

Tjuveri og nasking ser ikkje ut til å vere eit problem i elevgruppa.

Kriterium: Personalgruppa har kompetanse i høve til mobbeproblematikk:

- *personalet ser den einskilde eleven i samhandling med andre*
- *lærarane har jamleg samtale med alle elevane*
- *i samtalene tek lærar opp mobbeproblematikk*

Lærarane føl godt med på elevane si samhandling i skuletida. I elevsamtalene har mobbing og trivsel stor plass. Foreldre som har erfaring med store skuler, seier at ungene deira blir sett på ein heilt anna måte på Ålvik skule, enn der dei har vore før: "Små grupper sikrar merksemd frå læraren", fortel nokre. Intervjua med lærarane viser også at elevar med spesielle behov får tett oppfølging.

- *personalgruppa nyttar undervisningsopplegg i sosial kompetanse*

Personalgruppa har sidan i haust vore opptekne av å forbetre det sosiale miljøet på skulen. Dei har sett i gang med Olweus sitt program for å førebyggje mobbing, og har i dette semesteret starta opp ei ordning med vennegrupper. Føremålet med gruppene er at barna skal vitja kvarandre og bli kjende med barn dei vanlegvis ikkje er saman med. Dette seier ei samla foreldregruppe at dei ser fram til, og at dette er eit positivt tiltak frå skulen si side.

Kriterium: Foreldra er trygge på at ungene deira blir tatt vare på slik at fagleg og sosial utvikling kan skje:

- *Foreldra kjenner at terskelen for å ta kontakt med skulen er låg*

Foreldra fortel at dei blir teke på alvar, og særleg er dei fornøgde med at det er enkelt å ta kontakt med skulen når dei har behov for det. Lærarane stadfestar at foreldra tar kontakt med skulen for "dei minste ting". Intervjua med elevane viser også at foreldra ringer skulen når dei føler det er nødvendig. Ein elev fortel at: "Mamma gjorde det da eg blei mobba. Det hjelpte."

Denne eleven fortel altså at det i mange høve nyttar å ta kontakt skulen for å få hjelp. Fleire foreldre seier det same: I mange situasjonar gjer skulen god oppfølging når skulekvardagen byr på problem for ungene.



9 – Skulen sine utviklingsområde innan vurderingsområdet

Kriterium: Det er eit godt miljø på skulen:

- *elevane lærer på skulen*

Kunnskapsløftet s.35: Opplæringslova §1-2:

*Heimen skal få informasjon om måla for opplæringa i faga, kva fagleg utvikling elevane har i forhold til måla, og korleis heimen kan medverke til å fremme måloppnåinga deira. Vidare skal heimen ha informasjon om korleis opplæringa er lagd opp, og kva for arbeidsmåtar og vurderingsformer som blir brukte. Det må også leggjast til rette for at foreldre og føresette får nødvendige opplysningar for å kunne delta i reelle drøftingar om utviklinga av skolen.
(Oppl.l. § 1-2 og forskrift kap. 3)*

Gjeldande læreplan, Kunnskapsløftet, er målstyrt. Det inneber at alle elever og foreldre skal vere kjende med kompetansemåla for alle fag. Kompetansemåla seier kva elevane skal kunne etter ulike trinn, 4., 7., og 10.trinn, og etter 2. trinn i mange fag. Kompetansemåla må brytast ned lokalt. Det er skulen sitt ansvar og fordele innhaldet mellom årstrinna.



Vurderingsgruppa finn at Ålvik skule i liten grad har teke i bruk Kunnskapsløftet i undervisninga. I småskulen er kompetansemåla i læreplanen ikkje oppgitt på planane, og foreldra kjenner heller ikkje til kva for mål opplæringa har. I ungdomsskulen er det oppgitt tema for undervisninga på planane, men dei inneheld ikkje konkrete mål for kva som er venta at den einskilde elev skal lære i perioden.

Foreldra etterlyser konkrete målplanar og tilbakemelding på kor elevane er i høve til forventta framdrift. Nokre av dei tilsette stadfestar dette og seier at "elevane veit ikkje måla sine, og det er ein stor mangel."

Andre legg vekt på at elevane " veit dei skal lese og skrive. Det ligg i det kva som er målet"

Store delar av undervisninga på skulen er styrt av kva elevane skal gjere i staden for kva dei skal lære. Kunnskapsløftet krev eit fokus - skifte frå kva elevane skal gjera, til kva dei skal læra. Her har skulen ein lang veg å gå, den må verta tydlegare på dette.

- *elevane har venner på skulen*
- *elevane er trygge på skulen*

Sjølv om hovudinstrykket er at elevane ved skulen har venner, finst det dei som kjenner seg aleine i periodar. Enkelte andre har ingen leikekameratar å vere saman med i friminutta og held seg aleine.

Skuledagen er organisert med ein felles pause midt på dagen, ein heil klokkeime. Elles tek klassane pausar når det passar. Det fører til at elevar som ikkje har nokon gode venner i klassen, heller ikkje får nokre andre å vere saman med i dei korte pausane. For elevane som er utrygge synes pausen midt på dagen å vere vel lang. Ein lærar stadfester dette: "Det er ikkje lagt til rette for dei som er utrygge. Friminutta er ein arena der det skjer mykje".

Tilbodet i friminutta til elevane som ikkje trivst med ballspel eller andre fysiske aktivitetar, er lite. Biblioteket er ikkje lett tilgjengeleg for dei som kan ha glede av ro, lesing og andre spel i pausane.

Foreldra etterlyser betre inspeksjon. Dei seier at "Det oppstår ofte ting som lærarane ikkje får med seg". Nokre småskuleelevar fortel at "Lærarane er mest på baksida. Vi er på framsida. Dei føl ikkje med. "

Dan Olweus (2000 s. 31) skriv at: " *Det er klar sammenheng mellom lærertetthet og forekomst av mobbing ved skolen*".

- *ingen elever vert utestengde*

Utestenging er indirekte mobbing, i form av sosial isolering og utestenging frå gruppa. Ein elev som er utestengd får ikkje vere med i kameratflokken og har vanskeleg for å få venner i klassen. (Olweus s. 18)

Utestenging av enkeltelevar er eit problem ved skulen. Vurderingsgruppa observerte at fleire elevar går for seg sjølv i friminutta. Fleire elevar var klar over dette og sa også at dei ikkje riktig forsto kvifor det var slik.

Lærarane har svært ulikt syn på kor alvorleg og omfattande problemet er. Nokre hevdar at dei som går for seg sjølv, vel det. Andre legg vekt på at det er ein alvorleg



sak som skulen jobbar med å løyse. Fordra seier at dei ønskjer å hjelpe skulen med å inkludere alle i miljøet.

Olweus (2000 s. 31) legg vekt på at "*lærernes holdninger til mobbingssituasjoner er av avgjørende betydning for slike problemer i skolen, eller i klassen. (...) Å unnlate å aktivt motarbeide mobbing er å stilltiende akseptere mobbing i skolen.*"

OPPLÆRINGSLOVA:

§ 9a-1 Generelle krav

Alle elevar i grunnskolar og vidaregåande skolar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring.

§ 9a-3 første ledd

Skolen skal aktivt og systematisk arbeide for å fremje eit godt psykososialt miljø, der den enkelte eleven kan oppleve tryggleik og sosialt tilhør.

Denne bestemmelsen må ses i sammenheng med § 9a-4 om «systematisk arbeid for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane (internkontroll)».

Elevene kan i skoletiden ikke i samme grad som voksne velge sitt miljø. Når det er i samfunnet si interesse at elevene gjennomfører utdanning, er det også samfunnets ansvar å gjøre sitt ytterste for å hindre at dette ikke oppleves negativt.

Skolen kan ikke ha full kontroll over elevenes adferd. Likevel er det en klar målsetting at skolemiljøet skal være fritt for destruktiv adferd, og skolen må arbeide aktivt mot dette målet. Skolen må sette seg konkrete mål for det psykososiale miljøet, og arbeide systematisk og planmessig for å nå dem, jf. opplæringsloven § 9a-4. Skolen må også ha klare rutiner for hvordan problemer som for eksempel mobbing skal avdekkes og håndteres.

Kommunen og fylkeskommunen har plikt til å utarbeide skolereglement etter opplæringsloven §§ 2-9 og 3-7. De kommunale forskriftene til opplæringslovens § 2-9 om skolens ordensreglement gir bestemmelser om elevenes rettigheter og plikter, regler om atferd og om hvilke tiltak skolen skal kunne nytte overfor elever som bryter ordensreglementet. Forskriftene har også bestemmelser om refsingstiltak som skal kunne brukes ved brudd på reglement, og om fremgangsmåten når slike saker skal behandles. Fylkeskommunene skal gi tilsvarende forskrifter om ordensreglement for den enkelte videregående skole, jf. §3-7.



- *det er arbeidsro i gruppene*

Alle grupper som vart intervjuet sa at det er for mykje uro i undervisningstida på skulen. Elevane fortalde at "Nokon i klassen bråkar. Vi merkar det fordi når dei er sjuke, vert det så stille." På ungdomsskulen sa dei at oftast bli arbeidsro først etter klokka halv ti. Foreldra la også vekt på at elevane vandrar for mykje i timane.

Oberservasjonane vurderingsgruppa gjorde stadfestar det same. Ungdomsskuleelevane starta det faglege arbeidet frå klokka 9, etter mykje ikkje-fagleg aktivitet. I småskulen verkar organiseringa av pultar og bord, plassering av sekkar og korgar, å bidra til at elevane må bevege seg rundt meir enn naudsynt.

Disiplin og elevåtferd i undervisninga verkar ikkje vere god nok på alle trinn. Kva som er akseptabel adferd i timane verkar i stor grad å vere opp til den einskilde lærar. Fleire av lærarane fortel at det mistrivst med dette: "Eg har ønskt at reglande kunne vore tydlegare, synlegare. Det er utydeleg om noko er lov eller ikkje lov".

Struktur på timen og dagen er uklar på skulen, og varierer. Oppstart og avslutning av timar har ikkje lik form i alle klassar. Timeplanar syner ikkje tydeleg nok kva for fag elevane på barneskulen skal ha til ei kvar tid. Organiseringa av dagen verkar å vere styrt av den enkelte lærar.

Skulen brukar mykje tid på informasjon og organisering. Grunnen synest å vere at skuledagen manglar struktur, og elevane kjem på skulen utan heilt å vite kva som skal skje kvar dag.

Ut i frå timeplanen på ungdomstrinnet, er det klart at halvparten av tida med teorifag blir brukt til å jobbe individuelt med arbeidsplanar. Vurderingsgruppa observerte at elevane hadde ujamn arbeidsinnsats i den tida dei blei observert. I tillegg skapte det problem for elevane at dei ikkje fekk den faglige hjelpa dei trong.

Kriterium: Personalgruppa har kompetanse i høve til mobbeproblematikk:

- *kontaktlærar har jamleg samtale med alle elevane*

Skulen har vedteke at elevsamtalar skal haldas minst ein gong i semesteret. Eit fleirtal av dei tilsette har i haust ikkje funne tid til å halde slike samtalar. Innhaldet i samtalan legg stor vekt på den sosiale sida av skulekvardagen.

§-4a i Forskrift til opplæringslova seier at *læraren skal jamleg ha dialog med eleven om utviklinga i lys av § 1-2 i opplæringslova, generell del og prinsipp for opplæringa i Læreplanverket for Kunnskapsløftet*. Ut frå forskrifta må lærarane rydde rom for at det blir gjennomført jamlege elevsamtalar i skulekvardagen, minst to førebudde i løpet av skuleåret. For at elevane skal få den tilpassa opplæringa dei har krav på, må læraren gjera seg grundig kjent med kvar elev står både når det gjeld fagleg og sosial utvikling.

Elevsamtalar er også gode reiskapar i kampen mot mobbing. Syner også til skulen sin plan mot mobbing.



Kriterium: Foreldre er trygge på at ungene deira blir tatt vare på slik at fagleg og sosial utvikling kan skje:

- *foreldre får raskt melding frå skulen når barnet er part i plaging/erting*

Dei tilsette ved skulen er ikkje samde om skulen sine system for tilbakemelding til foreldre om plaging/erting, slik at dei ikkje alltid raskt informerer foreldre når det er konflikter med elevar på skulen. Nokre viser til episodar der elevar har vore nær ved å bli skadd, utan at foreldre har vorte informerte om det.

Andre seier at dette er tatt i vare av leiinga.

Andre igjen fortel at dei "ikkje anar om skulen har nokre rutinar for å varsle foreldre ved uønska hendingar med barna deira". Foreldre var samstemde om at det tar for lang tid før dei blir informert frå skulen om problem.

Kriterium: Skulen er ein lærande organisasjon:

- *leiinga og dei tilsette har eit felles bilete av skulen sine sterke sider og utfordringar.*
- *leiinga føl opp vedtekne tiltak og ser til at dei vert gjennomført*

Storparten av dei tilsette ved skulen meiner at lærarane og rektor har same syn på skulens sterke og svake sider. Nokre av dei tilsette etterlyser tydelegare leiing, og ynskjer mindre rom for den enkelte lærar sine spesialitetar. Vidare legg dei vekt på eit betre samarbeid mellom lærarane, og etterlyser gjennomføring av tiltak skulen vedtek på fellesmøte. På Ålvik skule har lærarane stor fridom til å gjennomføra undervisninga slik dei vil. Så mykje fridom kan føra til at skulen ikkje heng saman som organisasjon, at den spriker i fleire retningar, og det vert mellom anna vanskeleg å setje i verk endringstiltak frå leiinga.

For at vedtekne endringar skal kunne gjennomførast, må leiinga leggja klare føringar og rutinar for ulike aktivitetar ved skolen. Dette gjeld mellom anna for elevsamtalar, skule - heim samarbeid og skolen sin informasjon til foreldre.

Dette er også et ønske frå foreldre Dei uttrykkjer at kontaktlærar sin funksjon vert for personavhengig.

I haust starta skulen eit opplegg kring mobbeproblematikk, (Olweus) men framdrifta stoppa opp, fokuset blei i staden samhandling i personalet. I etterkant av dette hadde enkelte klassar sosialt samspel som tema i undervisninga. Sjølv om programmet stoppa opp, har enkelte lærarar jamnelege samtalar med klassane om sosial kompetanse. Likevel må skulen som organisasjon koma seg vidare i det systematiske arbeidet mot mobbing, og ikkje minst satsa på førebyggjande arbeid mot mobbing.

- *Skulen vurderer regelmessig eigen praksis*

Skulen har ikkje rutinar for regelmessig vurdering av den einskilde sin praksis, utan generelle tilbakemeldingar på medarbeidarsamtalar.



Det vert gitt uttrykk for frå personalet at felles tid (måndagar 14.00 – 15.00) ofte vert brukt til felles informasjon og lite til vedtak og drøfting av eigen praksis ved skulen, heller ikkje til vedtak om endringar i organisasjonen. Her har skulen som organisasjon eit stort utviklingspotensial.

- *Skulen har felles malar og system som er til hjelp for den einskilde lærar.*

Skulen har få malar som gjeld for alle trinn. Nokre har felles malar som gjeld for klassen/trinnet. Skulen manglar eit system for å melde frå til foreldra når elevar som ikkje er meldt sjuke ikkje kjem. Dette etterlyser foreldra eit system for, og ønskjer sjølv å forplikte seg til å gi beskjed til skulen når barnet er sjukt eller ikkje møter på skulen av andre grunnar. Foreldre etterlyser også et system for å sikre at ranselpost faktisk vert levert heime.

10 – Vidare arbeid

6 månadar etter at skulevurderinga finn stad, vil rektor rapportera attende til skulesjef/skulefagleg ansvarleg korleis skulen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.

Ålvik, 6.3.2008

Turid Mykkeltvedt
Nanna Paaske
Tone Fladmoe
Anne Karin Flatlandsmo



Samtaleguidar brukt på Ålvik skule

1 – Dette sa elevane

Det er eit godt miljø på skulen	<ul style="list-style-type: none">• lærer de på skulen• har de venner på skulen• korleis meiner de ein venn skal vera• er de trygge på skulevegen• er det nokon som plagar andre• er det baksnakking på skulen• er det nokon elevar som vert utestengde• får de ha tinga i fred• er det arbeidsro i timane
Personalet har kompetanse i høve til mobbeproblematikk	<ul style="list-style-type: none">• reagerer dei vaksne likt dersom de bryt reglane på skulen• har de elevsamtalar• kva snakkar de om når de har slike samtalar• snakkar de om korleis de skal vera mot kvarandre i timane
Foreldra er trygge på at ungane deira blir tatt vare på slik at fagleg og sosial utvikling kan skje	<ul style="list-style-type: none">• tek foreldra kontakt med skulen dersom noko er gale• får de melding med heim dersom de har vore med på erting/plaging

2 – Dette sa foreldra

Set opp punkt som de meiner Ålvik skule er flink til	
Set opp punkt som de meiner skulen kan bli flinkare til	
Set opp punkt som foreldra kan bli flinkare til	
Er det lett for dykk å ta kontakt med skulen ved behov	
Får de raske tilbakemeldingar frå skulen dersom det har vore erting/plaging ved skulen	



Er elevane trygge på skulen	
Har elevane venner på skulen	
Er det arbeidsro i gruppene	

3 – Dette sa dei tilsette

Det er eit godt miljø på skulen	<ul style="list-style-type: none">• når elevane læringsmåla• er elevane trygge på skulen• har elevane venner på skulen• er det baksnakking og utestenging blant elevane• er det arbeidsro i timane
Personalgruppa har kompetanse i høve til mobbeproblematikk	<ul style="list-style-type: none">• observerer de elevane i samhandling med andre• reagerer de likt på brot på skulen sine reglar• har de planlagde elevsamtalar• kva inneheld desse samtalane• nyttar de undervisningsopplegg i sosial kompetanse
Foreldra er trygge på at ungane deira blir tatt vare på slik at fagleg og sosial utvikling kan skje	<ul style="list-style-type: none">• er det lett for foreldra å ta kontakt med skulen (tek dei kontakt)• får foreldra rask tilbakemelding frå skulen når barnet er part i erting/plaging
Skulen er ein lærande organisasjon	<ul style="list-style-type: none">• har de og leiinga eit felles bilte av skulen sine sterke sider og utfordringar• vurderer de regelmessig eigen praksis• har skulen felles malar og system til hjelp for den einskilde lærar (elevsamtale, arbeidsplanar, foreldresamarbeid mm.)• føl leiinga og de opp vedtekne tiltak og ser til at dei vert gjennomført• har de felles praksis i høve til mobbing

4 – Dette såg og høyrte me